

Tabell C-k

Saker med særskild fordeling for kommunane 2025

Følgjande saker er gjeve med ei særskild fordeling innanfor innbyggjartilskotet i 2025:

Kol.	Sak	Beløp i 1000 kr
1	Inndelingstilskot	1 554 715
2	Trekk Nannestad og Ullensaker	-19 350
3	Helsestasjons- og skulehelseteneste	1 113 773
4	Korreksjon, barnevern Oslo kommune	-387 826
5	Kompensasjon for endringar i regelverket for eigedomsskatt	300 000
6	Differensiert arbeidsgjevaravgift, endringar	-2 948
7	Gratis barnehage i innsatssonen i Finnmark og Nord-Troms	130 921
8	Redusert maksimal foreldrebetaling i barnehage, sentralitetsklasse 5 og 6	173 677
9	Grunnskuletilskot	1 364 339
10	Tilbakeføring av halvparten av fordelingsverknad kriteriet for personar med utviklingshemming	0
11	Vekst i frie inntekter fordelt etter inntektsnivå	1 500 000
12	Kompensasjon for samla endringar i inntektssystemet og toppfinansieringsordninga	151 511
13	Særskild tapskompensasjon første år	14 160
14	Sum	5 892 972

For fleire av sakene er beløpet frå 2024 prisjustert med anslått pris- og lønnsvekst frå 2024 til 2025 (kommunal deflator). Den kommunale deflatoren for 2025 er anslått til 4,1 prosent.

Kolonne 1 – Inndelingstilskot

Inndelingstilskotet er ei kompensasjonsordning for kommunar som slår seg saman og skal kompensere kommunane for ein reduksjon i rammetilskotet som følgje av samanslutninga. Inndelingstilskotet kompenserer for bortfall av basistilskot og ein eventuell netto nedgang i distriktstilskot. To kommunar som har slått seg saman vil få eit basistilskot på same måte som andre kommunar i utgiftsutjamninga, mot to basistilskot før samanslåinga. Den samanslåtte kommunen blir difor kompensert gjennom inndelingstilskotet for bortfall av eit basistilskot. Dersom ein samanslått kommune får mindre i distriktstilskot enn kommunane ville fått kvar for seg, blir kommunen gjennom inndelingstilskotet kompensert for differansen mellom det den samanslåtte kommunen får og det dei ville fått kvar for seg.

Inndelingstilskotet blir gjeve frå det året samanslåinga trer i kraft. Kommunane får fullt tilskot i 15 år, før det deretter blir trappa gradvis ned over fem år.

I 2024 får 52 kommunar inndelingstilskot. Som følgje av nedtrappinga av inndelingstilskotet får ikkje lenger Vindafjord og Aure kommunar inndelingstilskot i 2025 og tilskotet til Kristiansund er redusert til 40 prosent av fullt tilskot. Dermed er det 50 kommunar som får inndelingstilskot i 2025.

Inndelingstilskotet i 2025 er prisjustert med kommunal deflator.

Kolonne 2 – Trekk Nannestad og Ullensaker

Nannestad og Ullensaker fekk i perioden 1993–2008 finansieringsbistand i form av skjønsmidlar i samband med etableringa av Oslo Lufthamn, Gardermoen. Totalt har kommunane fått 735,5 mill. kroner, der 387 mill. kroner skal betalast tilbake i 20 like store avdrag frå og med 2009. Dette blir gjort ved eit trekk i rammetilskotet til Nannestad og Ullensaker på høvesvis 7,43 og 11,92 mill. kroner årleg t.o.m. 2028. Trekket blir ikkje prisjustert.

Kolonne 3 – Helsestasjons- og skulehelseteneste

Sidan 2014 er det løyvd midlar til helsestasjons- og skulehelsetenesta via rammetilskotet, med ei særskilt fordeling. For 2025 er det samla beløpet til fordeling i 2024 prisjustert med kommunal deflator, og utgjer til saman 1 113,8 mill. kroner. Midlane er fordelt til kommunane basert på talet på innbyggjarar i alderen 0–19 år, med eit minstenivå på 100 000 kroner per kommune.

Kolonne 4 – Korreksjon barnevern, uttrekk Oslo kommune

Dei seinare åra har kommunane fått eit større ansvar for medfinansiering for det statlege barnevernet, og det er lagt inn ein auke i rammetilskotet til kommunane for å kompensere for dette. I perioden 2022–2024 vart delar av kompensasjonen gjeve med ei særskild fordeling etter bruken av statlege barnevernstiltak før barnevernsreforma tredde i kraft frå 2022. Desse midlane blir frå 2025 i sin heilskap fordelt etter delkostnadsnøkkelen for barnevern.

Endringar i den kommunale medfinansieringa av det statlege barnevernet gjeld ikkje Oslo kommune, som har det heilskapelege ansvaret for barnevernet i Oslo. Sidan det ikkje er teknisk mogleg å halde Oslo kommune utanfor fordelinga av midlane etter kostnadsnøkkelen blir rammetilskotet til Oslo kommune korrigert for dette, slik at Oslo skal gå i null på desse endringane. Oslo blir kompensert for det utvida ansvaret kommunen har for barnevernet med ei eiga tildeling i tabell C for fylkeskommunane.

Korreksjonen for Oslo kommune i 2025 består av tre ulike saker:

- Auka kommunal medfinansiering av det statlege barnevernet frå 2015, jf. tabell C i Grønt hefte for 2015. Det berekna uttrekket i 2015 er prisjustert for 2025.
- Barnevernsreforma frå 2022, jf. tabell C-k i Grønt hefte for 2022. Det berekna uttrekket i 2022 er prisjustert for 2025.
- Ytterlegare kompensasjon som følgje av barnevernsreforma i 2023, jf. tabell C-k i Grønt hefte for 2023. Det berekna uttrekket i 2024 er prisjustert for 2025.
- Omfordeling av midlar frå tabell C i 2024 til fordeling etter kostnadsnøkkelen i 2025.

Omfordelinga av midlar frå tabell C frå og med 2025 inneber at korreksjonen for Oslo er auka samanlikna med 2024. Trekket i 2024 var på 200,6 mill. kroner, i 2025 er trekket på 387,8 mill. kroner.

Kolonne 5 – Kompensasjon for endringar i regelverket for eigeidomsatt

I statsbudsjettet for 2019 vart det sett av 71 mill. kroner til å kompensere kommunar som får reduserte inntekter som følgje av at dei ikkje lenger kunne krevje inn eigeidomsatt på produksjonsutstyr og -installasjonar. I 2019 var kompensasjonen ein

del av skjønstilskotet. I 2020 vart kompensasjonen auka til 143 mill. kroner, og flytta over til innbyggjartilskotet (tabell C). I åra 2021–2024 vart kompensasjonen gradvis auka opp til 268,6 mill. kroner. I 2025 er kompensasjonen 300,0 mill. kroner.

Kompensasjonen blir berekna på grunnlag av kommunane si rapportering av skattegrunnlaget for dei aktuelle eigedomane for 2018 og 2019, kopla saman med skattesatsen som kommunane rapporterte inn til KOSTRA. Kommunane er kompenserte fullt ut utover ein eigendel per innbyggjar. Eigendelen i 2025 er om lag 685 kroner per innbyggjar.

Kolonne 6 – Gradvis innføring av endringar i differensiert arbeidsgjevaravgift

Frå 1. januar 2022 gjeld nytt verkeområde for differensiert arbeidsgjevaravgift (DA), med endringar i soner for 14 kommunar, medrekna gamle kommunar som er del av nye kommunar. Kvar einskild kommune som fekk endra avgiftssats i 2022 fekk full kompensasjon eller trekk i rammetilskotet i 2022, basert på korleis avgiftsendringa slo ut. Nytt avgiftsnivå blir etter det fasa inn ved at kompensasjonen eller trekket blir trappa ned over seks år, som er i samsvar med ny periode for DA-ordninga.

Kompensasjonen eller trekket i 2022 er prisjustert i 2025 og deretter sett til 3/6 av den prisjusterte kompensasjonen eller trekket i 2022.

Kolonne 7 – Gratis barnehage i innsatssona i Finnmark og Nord-Troms

Frå 1. august 2023 er det innført gratis barnehage for 1–5 åringar i innsatssona i Finnmark og Nord-Troms. Som kompensasjon vart rammetilskotet auka med 77,2 mill. kroner i 2023, og med ytterlegare med 71,3 mill. kroner i 2024 (heilårsverknad). Kompensasjonen er prisjustert for 2025.

Den samla kompensasjonen er korrigert for at kommunane i innsatssona får sin del av kompensasjonen for redusert makspris og nominell vidareføring av maksprisen som blir fordelt gjennom barnehagenøkkelen til alle kommunar. Det samla beløpet i tabell C etter denne korreksjonen utgjer 130,9 mill. kroner i 2025. Midlane er fordelt etter delkostnadsnøkkelen for barnehage, til dei aktuelle kommunane.

Kolonne 8 – Redusert maksimal foreldrebetaling i barnehagen i kommunar i sentralitetsklasse 5 og 6

Frå 1. august 2024 er den maksimale foreldrebetalinga redusert til 1 500 kroner per månad i kommunar i sentralitetsklasse 5 og 6 (utanfor innsatssona i Finnmark og Nord-Troms). Som følgje av dette vart rammetilskotet auka med 72,3 mill. kroner i 2024, som vart fordelt særskilt til kommunane i sentralitetsklasse 5 og 6. Kompensasjonen er prisjustert og auka med 100,5 mill. kroner i 2025 (heilårsverknad av redusert makspris).

Tildelinga er auka med ytterlegare 18,3 mill. kroner som kompensasjon for nominell vidareføring av makspris i 2025. Det er korrigert for at kommunane i sentralitetsklasse 5 og 6 får sin del av kompensasjonen for nominell vidareføring av maksprisen som blir fordelt gjennom barnehagenøkkelen til alle kommunar. Det samla beløpet utgjer 173,7 mill. kroner i 2025, etter denne korrigeringa. Midlane er fordelt etter delkostnadsnøkkelen for barnehage, til dei aktuelle kommunane.

Kolonne 9 – Grunnskuletilskot

I 2022 vart det innført eit nytt tilskot på 500 000 kroner per kommunale grunnskule i kommunen. Tilskotet blir gjeve med ei særskild fordeling basert på tal for grunnskular i kommunane i skoleåret 2023/2024.

Satsen er prisjustert i 2025, og er 563 511 kroner per grunnskule.

Kolonne 10 – Tilbakeføring av halvparten av fordelingsverknad for endringar i vekt for kriteriet personar med utviklingshemming

I samband med nytt inntektssystem frå 2025 er kriteriet personar med utviklingshemming (PU-kriteriet) vekta ned. For somme kommunar gjev dette relativt store negative fordelingsverknader. Halvparten av fordelingsverknaden blir tilbakeført gjennom ei særskild fordeling. Ordninga er innretta slik at kommunar som får redusert tilskot som følgje av den nye vekta til PU-kriteriet, får eit tillegg tilsvarende halvparten av den isolerte effekten av nedvektinga. Kommunar som får auka tilskot som følgje av den nye vekta, får eit trekk tilsvarende halvparten av effekten. Ordninga i tabell C går dermed samla sett i null.

Ordninga vil gjelde fram til neste heilskaplege gjennomgang av inntektssystemet. Tabell C-saka vil bli oppdatert årleg, slik at endringar i kriteriedata og det samla beløpet som blir omfordelt etter pleie- og omsorgsnøkkelen blir fanga opp i fordelinga.

Kolonne 11 – Vekst i frie inntekter fordelt etter inntektsnivå

Som ein del av omlegginga av inntektssystemet er 1,5 mrd. kroner av veksten i frie inntekter i 2025 gjeve med ei særskild fordeling, slik at kommunar med låge samla skatteinntekter får ein større del av veksten. Inntektsnivået for 2025-tildelinga er berekna ut frå skatteinntekter etter inntektsutjamning i 2023 (inkludert eigedomsskatt på vass-, vind- og petroleumsanlegg i 2023, gjennomsnitt for inntekter frå havbruk og konsesjonskraft i 2022 og 2023, og produksjonsavgift på vindkraft i 2023).

Alle kommunar får minimum 30 kroner per innbyggjar. For kommunar med skatteinntekter på 130 prosent av landsgjennomsnittet eller lågare, blir tildelinga per innbyggjar høgare desto lågare skatteinntektene i 2023 var, opp til 345 kroner per innbyggjar for kommunen med det lågaste inntektsnivået. Midlane er fordelt ut frå innbyggjartal per 1. januar 2023.

Midlane blir vidareført med ei særskild fordeling til neste heilskaplege revisjon av inntektssystemet. Fordelinga mellom kommunane vil bli justert årleg med utgangspunkt i oppdaterte skatte- og inntektstal.

Kolonne 12 – Kompensasjon for samla endringar i inntektssystemet og toppfinansieringsordninga

I samband med revisjonen av inntektssystemet frå 2025 er det innført ei kompensasjonsordning for kommunar som tapar på dei samla systemendringane i inntektssystemet og toppfinansieringsordninga for ressurskrevjande tenester, og som har skatteinntekter (inkl. naturressursinntekter) under 105 prosent av landsgjennomsnittet (gjennomsnitt for perioden 2020–2023, jf. kol. 4 i tabell D).

Prinsippa for ordninga er omtalt nærare i Prop. 102 S (2023–2024)

Kommuneproposisjonen 2025, der systemendringane er definert som:

- Ny kostnadsnøkkel inkl. endringar i kva tenester som inngår i utgiftsutjamninga.
- Endringar i tabell C direkte knytt til innføringa av nytt inntektssystem: Avvikling av kompensasjon for gradert basiskriterium, den nye saka for tilbakeføring av halvparten av fordelingsverknaden av nedvektinga av PU-kriteriet (jf. kol. 10), og vekst i frie inntekter på 1,5 mrd. kroner fordelt etter inntektsnivå (jf. kol. 11).
- Dei samla endringane i skatteelementa i inntektssystemet: Eigarinntekter blir korrigert ut skattegrunnlaget til kommunane og erstatta med annan inntektsskatt, kommunane sin del av formuesskatten blir halvert og erstatta med auka inntektsskatt, og utjammingsgraden i inntektsutjamninga blir auka frå 60 til 64 prosent.
- Dei samla endringane i dei regionalpolitiske tilskota: Bruk av ny distriktsindeks, avvikling av regionsentertilskotet, reduserte satsar for storby- og veksttilskotet, og eit utvida inntektsomgrep for å avgjere kva kommunar som skal kunne få distriktstilskot Sør-Noreg.
- Ny modell for eigenandel innanfor toppfinansieringsordninga for ressurskrevjande tenester, og auka innslagspunkt for ordninga som ei følgje av nedvektinga av PU-kriteriet.

Kompensasjonen er berekna ut frå oppdaterte anslag på fordelingsverknadene av nytt inntektssystem. Fordelingsverknadene av endringane i rammetilskotet (kostnadsnøkkel og regionalpolitiske tilskot) er berekna ut frå dei same grunnlagstala som er brukte til å berekne rammetilskotet for 2025.

Effekten av endringane i skatteelementa er berekna ut frå samla skatteinntekter i 2023, og siste tilgjengelege, endelege tal for eigarinntekter og formuesskatt (tal for 2022). Anslaget på dei samla fordelingsverknadene av endringane i skatteelementa er justert frå 2023- til 2025-nivå med veksten i samla skatteinntekter frå endelege skattetal for 2023 til anslaget på skattenivået for 2025 i Prop. 1 S.

Fordelingsverknadene for endringane i toppfinansieringsordninga er basert på grunnlaget som er brukt til å berekne det øyremerkte tilskotet i 2024, prisjustert til 2025-nivå med kommunal deflator.

I alt er 34 kommunar omfatta av kompensasjonsordninga, og den samla kompensasjonen utgjer til saman 151,5 mill. kroner. Tapskompensasjonen vil ligge fast på nominelt nivå til neste heilskapelege gjennomgang av inntektssystemet.

Kolonne 13 – Særskild tapskompensasjon første år

I samband med behandlinga av Prop. 102 S (2023–2024) Kommuneproposisjonen 2025, jf. Innst. 440 S (2023–2024), gjorde Stortinget følgjande vedtak:

«Stortinget ber regjeringa komme tilbake til Stortinget med en vurdering av en kompensasjon for de kommunene som utmerker seg med størst negativ førsteårsvirkning per innbygger som følge av endringene i inntektssystemet for kommunene.»

Som ei oppfølging av vedtaket, foreslår departementet ein avgrensa, eittårig kompensasjon til kommunane som har ein anslått negativ førsteårsverknad med nytt

inntektssystem på 3 000 kroner per innbyggjar eller meir. Kommunane vil få kompensert heile førsteårstapet ut over 3 000 kroner per innbyggjar. Kompensasjonen er avgrensa til 2025, og blir gjeve med ei særskild fordeling. Kompensasjonen utgjer 14,2 mill. kroner fordelt mellom tre kommunar.

Grunnlaget for utrekninga av kompensasjonen er den same som for utrekninga av tapskompensasjonen i kol. 12 i tabell C, jf. nærare omtale over. I utrekninga av kompensasjonen i kol. 13 er det i tillegg gjort eit anslag på førsteårsverknaden av nytt inntektssystem, der det er teke omsyn til at hovuddelen av dei negative fordelingsverknadene innanfor rammetilskotet vil bli fanga opp av inntektsgarantiordninga, og at delar av endringane i skatteelementa blir fasa inn over to år.

Ordninga blir ikkje ført vidare etter 2025.

Kolonne 14 – Sum saker med særskild fordeling

Summen av kolonnane 1–13. Talet er nytta i tabell 2-k, kolonne 3. Midlane er ein del av innbyggjartilskotet, og er i hovudsak haldne utanfor i utrekninga av inntektsgarantiordninga.